Følelsen er altså imot troen, og troen imot følelsen. Derfor må en her se bort fra følelsen og rett og slett høre Ordet akkurat som det lyder, og liksom skrive det inn i hjertet og holde fast på det, selv om en ikke kan se et eneste tegn på at ens synder er tilgitt, men at de tvert imot er hos en ennå. En må ikke rette seg etter det en føler. Men en må holde fast på at synden, døden og helvete er overvunnet, selv om en kjenner at en ennå er i synden, døden og helvete.

For det at vi ennå føler at synden er hos oss, skjer bare fordi det skal drive oss til troen og gjøre oss sterke i den så at vi stikk

imot våre følelser tar imot Ordet og støtter vårt hjerte og vår samvittighet til Kristus. Så fører troen oss ganske stille gjennom synden, døden og helvete stikk imot all følelse og fornuft. Så får vi siden se vår forløsning — fullkommen se og kjenne det som vi før bare trodde, nemlig at synden, døden og alt ondt virkelig var tatt bort fra oss.

Det er som når en fisker med net. Så lenge fiskene er i noten, merker de ikke annet enn at de er i fritt vann. Men når de kommer på land, kjenner de først at de er fanget. Slik går det også med dem som er fanget i evangeliet — Kristus sammenligner dem jo med en not i Matt. 13, 47. Når evangeliets ord kommer inn i hjertet, fester Ordet hjertet til Kristus og fører det så stille og ubemerket ut av helvete og synden at sjelen nenå ikke kjenner noe annet enn at det fremdeles er i synden og døden. Da oppstår en strid, så følelsen kjemper mot troen og troen mot følelsen, og jo mer troen vokser, desto mer forsvinner følelsen og omvendt. Synden kleber ennå ved oss, slik som hovmot, gjerrighet, vrede o.l., men bare for å drive oss til troen, så at den skal vokse for hver dag.»

Så langt Luther. Det var det samme Jesus sa til Tomas : «Fordi du har sett meg, tror du. Salige er de som ikke ser, men dog tror» (Joh. 20, 29).

Andre har andre vanskeligheter. De sier : Jeg tror nok at mine synder er forlatt. Men jeg er ikke som jeg burde i mitt daglige liv. Og dette gjør at jeg ikke kan tro at jeg står i nåde hos Gud.

Til det er å si at det er en stor villfarelse å tro at det bare er i den første, grunnleggende omvendelse at en får forlatelse for synden, men at man siden skal leve så syndefritt og rent at man ved dette skal beholde Guds vennskap. Nei, også de ærlige kristne og de største helgener har daglig hatt bruk for syndenes forlatelse. Derfor lærte de også å be i Fadervår om syndenes forlatelse, fordi de daglig virkelig hadde synd. For sier vi at

vi ikke har synd, da bedrar vi oss selv (1. Joh. 1, 8).

Men likså sikkert er det at vi i Kristus har en fullkommen rettferdighet, som ikke bare dekker over de synder som er overvunnet, men også dem som henger ved oss nå, altså nettopp det som mangler oss i vårt daglige liv. Vi har allerede for Gud den rettferdighet som loven fordrer. Således er nettopp manglene i ditt liv den synd som du har daglig forlatelse for.

Så vil kanskje noen si : Etter dette behøver vi ikke å leve kristelig, overvinne og avlegge synden, da vi har begynt å tro på Kristus — tro at han kunne vinne den rettferdighet som loven ikke kunne frembringe. Nei, vi skal ikke leve kristelig for å vinne eller beholde nåden hos Gud. Det ville være å fornekte Kristi fortjeneste og berøve den sin ære. Derfor sier jo Paulus : «Jeg akter ikke Guds nåde for intet, for får vi rettferdighet ved loven, da er jo Kristus død førgjeves.»

Nei, det er noe annet som driver oss til å leve kristelig, nemlig at vi må og vil så gjerne gjøre det, av kjærlighet og takknemlighet over den ubegripelig store nåde. Som Kristus sa : «Den som elsker meg, holder mitt ord.»

Med andre ord : Det er to ting i en kristens liv som må holdes ut fra hverandre: Det ene er hans liv — med tanker, ord og gjerninger. Her kan han ikke være streng nok i å ville være det han bør være etter Guds lov. Det andre er hans nådestand hos Gud. Her kan han aldri nok forakte sine egne gjerninger og fortjenester og opphøye Kristus. Han kan aldri se nok bort fra seg selv.

Når det gjelder vårt liv, skal vi være engstelige og nøyeregnende, men her er vi som regel sikre og lettsindige. Men når det gjelder å tro nåden hos Gud, skal vi være frie og trygge på Kristi fortjeneste. Men da er vi som regel altfor bundet og redda.

Dette går også fram av 1. Joh. 2, 1 : «Mine barn, dette skriver jeg til eder forat I ikke

skal synde,» — dette gjelder vårt liv. «Men dersom noen synder, har vi en taltsmann hos Faderen», — dette gjelder troen.

### Forakter troen gode gjerninger?

Det er galt å tro at når en tror og tar imot den frie nåde, fører det til at en forakter gode gjerninger. For det første er det aldri evangeliet om Kristus som bærer slike frukter. Men det er djævelen og det gamle menneske som gjør at også evangeliet misbrukes til sikkerhet.

For det andre er nåden aldri for de sikre og ubotferdige syndere, men evangeliet er for de fattige i ånden. Og disse åndelig fattige, sørderknuste finner alltid større lyst og kraft til helliggjørelse, jo mer de kan tro. Det er jo dette Jesus viser i Luk. 7, 41-47 : Den som meget er forlatt, elsker meget, men den som lite er forlatt, elsker lite. Da dette evangelium er en Guds kraft til salighet for disse syndere, må det for deres skyld forkynnes, selv om det er en dødens duft til døden for de sovende og sikre.

Men den bekymrede sjel sier: Å synde mot samvittigheten, mot bedre vitende, er jo å synde med vilje, og da kan jeg jo ikke stå i nåden. Det har jeg dessverre gjort. Men jeg kan jo ikke tro nåden for slike synder?

Å synde mot samvittigheten og mot bedre vitende er nok en forferdelig synd. Men det må ikke skjules at også disse svære synder er sott og tatt bort i Lammets blod. Og når du er bedrøvet over din synd og ikke ønsker noe annet enn at den var u gjort, og aldri vil synde slik mer, og du med dette ærlige sinn søker frelse i Lammets blod, er også din synd tatt bort og ganske glemt hos Gud. For ellers er jo ikke Kristus en fullkommen Frelser hos Faderen.

Ellers var evangeliets nåde ikke noe mer enn lovens rett. For i 5. Mosebok 19 står det at den som har syndet uforståelig, uvitende eller uforvarende, f. eks. drept et men-

neske, skal ikke straffes, men forsvarer som uskyldig mot blodhevneren. Det er således lov og rett som befriar den fra skyld og straff som har syndet uforsettlig.

Men nå må jo nåde være noe annet enn rett, og særlig en nåde som er vunnet oss med et så dyrebart offer. Denne strekker seg altså til forlatelse av de synder som lov og rett ikke kan ettergi. «Er det av nåde, så er det ikke av gjerninger, ellers er ikke nåden nåden» (Rom. 11, 6.)

Dog kan man ikke si at en rett kristen syndet forsettlig, men synder han med vitende, så er han alltid overveldet av fristelsen, av «loven i våre lemmer», som Paulus sier. «Men gjør jeg det som jeg ikke vil, da er det ikke mer jeg som gjør det, men synden som bor i meg» (Rom. 7, 20)

Men det føles slik i fristelsen stund når man har sluttet å kjempe, som om man syndet forsettlig, idet viljen nå er overvunnet av synden. Men hvor ligger ikke den ærlige sjell Hvor ville han ikke heller være fri både fristelsen og synden !

Men her taler vi ikke om den som fremdeles turer fram i sine synder. Da er det et forsettlig ubotferdig sinn, som Kristus med all sin fortjeneste aldri har forsvarst. Her er satt opp en grensemur av Guds ord og Guds Hellige Ånd som stenger ute all forsettlig ubotferdighet og åndens falskhet.

Vi skal ta med enda et spørrsnål her.

Du ligger f. eks. i en hemmelig skjødesynd. Du vil ikke bli fordømt, men du vil heller ikke slippe synden. Du har så meget lys av Ordet, du er så meget vakt av Ånden at du ikke finner hvile i den falske trøst. Du forsøker å få trøst av evangeliet, du hører om og forstår denne store, uforskyldte nåde i Kristus, og søker å gjemme deg der med din skjødesynd, men du får aldri fred. Det er alltid noe som gjør deg urolig og nager deg som et sandkorn i øyet. Hva er årsaken? Jo, din skjødesynd. Den må kastes ut. Men jeg har

ikke kraft til dette, sier du.

Men da viser du at du er en av dem som ikke er skikket for Guds rike. Jesus taler jo om dem som ikke vil miste sitt eget liv for hans skyld, som legger hånden på plogen og ser seg tilbake (Luk. 9, 23, 24. 62). Men får nåden virke i din sjel, kommer nok den stunden da du overgir alt og kaster fra deg det øye som frister deg.

Det er kostbart å kaste en skipslast over bord. Det gjør man ikke når været er vakkert. Men når stormen bryter løs som truer en på livet, da kaster man lasten ut for å redde det som er mer kostbart.

Når du vet at det gjelder for deg å flykte fra avgrunnens mørke, som hvert øyeblikk truer med å oppsluke deg, og du dertil er blitt utslikt og utsiktig og egenviljen er brutt

— da er det lett å gi fra seg alt, i allfall det uredelige sinn, selv om man ikke straks blir kvitt det onde og enda blir fristet og lider nederlag.

Men det er merkelig at så snart du får et redelig sinn, kan evangeliet trøste deg, selv om du ennå lider nederlag. Men trøst får du ikke så lenge det er svik i ånden.

Du kan også få ro om du forherder ditt hjerte og skyvr fra deg Guds vekkende Ånd. Da kan du nok få beholde din synd, og den sover i ditt skjød. Men din fordømmelse sover ikke (2. Pet. 2, 3).

Men jeg gjentar: Vi har her snakket om sinnet, om dette at du overlagt hyller din synd. For du blir ikke fordømt om du synder. Vi har her hele tiden talt om det falske sinn.

*Fra Veileding til fred.*

## I Noas dagar

Menneskeætta auka i tal og la meir og meir av verda under seg, i tida frå Adam og fram til Noa sine dagar. Truleg gjekk kunst og levestandard fram då som no, og alt såg svært og godt ut i menneskeauga.

Men frå han som hadde skapt alt lydde det: «Herren såg at vondskapen var stor hjå menneske på jorda, og at alt det dei tenkte og emna på i hjarto sine, det var berre vondt all dagen.» (1. Moseb. 6, 5).

Å, for ei sorg og lidning for han som skapte alt såre godt.

Har dette ordet noko å seia oss som lever på jorda nå? Vi er ikkje så vonde at me tenkjer og emnar på det som er vondt all dagen, vi arbeider og byggjer, gjev uhielp og til missjonen, med skule og utdanning for alle, og eit sosial- og velferdssarbeid som aldri før. Det ser ut for å gå så godt og veks frå år til år som aldri før. Men likevel lyder det også idag frå Herren: «Som det var i Noas dagar, skal det vera når Menneskesonen kjem.»

### Korleis var det så i Noas dagar?

Då tenkte folket på alt anna enn katastrofe med dom og død. Dei åt og drakk, gifte seg og vart bortgifte, og livet gjekk sin vanlege gang. *Men dei levde utan Gud!* Han kom aldri til orde i deira velferd, mat og drikke og giftarmål, for det ordna dei sjølv utan å spryja Gud om råd. Er dette sant om meg og deg? Er vi av sanninga lyt vi vel seia av heile vårt hjarta at Jesus tala sant om oss då han sa: «De dårar og seinhjarta til åtru det Herren har tala.»

Men ein dag måtte alle i Nø si samtid sjå og erkjenna at det var sanning det som Herrens munn hadde tala ved Noa. Truleg hadde Noa også hug til å gå med eit og anna betre budskap til si samtid, men han måtte gå med Guds dom over synda og syndarane og budskapet om arka som Noa skulle byggja til frelse. Dette budskapet hadde dei ikkje bruk for, for dei såg ingen dom, dei trudde ikkje Gud som vitna for dei om det dei

ennå ikkje såg. Guds evangelium for Noa si samtid lydde slik: Noa, gjer deg ei ark av gofertre, og der skal de gå inn, du og sønene dine og kona di og sonekonene dine med deg. (1. Moseb. 6, 18). Flokken var liten som hadde frelsebehov i Noa sine dagar.

Peter ropa ut den første pinsedagen: «Lat dykk frelsa frå denne rangsnudde ætta!» Var folket langt borte i Noa sine dagar, så var det ikkje likare i dei dagar då Peter steig fram med sitt budskap. «Men de ville ikkje veta av den heilage og rettferdige — de ba om at det måtte unnast dykk å få ein drapsmann i staden. De drepte livsens hovding», forkynte Peter.

Var Noa bedre enn dei andre, meir god, eller med ei natur som ikkje var vond? Nei, han høyrdde også med til den same ætta som Herren seier om: Alle for dei vill som får, dei vende seg kvar sin veg, ingen gjer noko godt, ikkje ein einaste.

Det var berre ein ting som berga Noa: Han høyrdde når Herren tala, og han gjorde det Herren sa han skulle gjera. Her går det store skilje millom meneska på jorda. Å tru Gud og gjera etter Guds ord, set skilje millom liv og død, det avgjør om vi skal bli frelst eller gå fortapt. Det står at Noa gjorde i alle måtar som Gud sa han fyre. Har du gjort det? Berre den som rettar seg etter det Herren har sagt og gjort til vår frelse, får nåde hos Gud. Noa slo ikkje av på målet til arka som skulle bli til frelse for han og hans hus, og til dom og undergang for hans eiga slekt og ætt. Tre hundre alner lang skal arka vera, og femti alner breid, og tretti alner høg. Øvst på arka skal du gjera ein glugg som når ei alen ned på veggen. Her kom nok Noa i strid med si eiga fornuft og kva andre meinte. Korleis skulle han makta å få dette til? For han såg det nok like umogeleg ut, som for Moses når han stod ved eit stengt Rødehav.

Å, nei kor alt forandrar seg når ein i eit og alt gjer det Herren seier. Då vert alt det menneske er og gjer sett på den rette plass.

«Eg arme menneske, kven skal fri meg frå denne dødens lekam?» spør Paulus. Svaret blir: «Gud vere takk ved Jesus Kristus.» På denne staden blir det bruk for ei frelsens ark som er ferdig.

Noa knurra ikkje mot Guds byggjemåte, eller måten Gud ville redda dei på. Kan det seiast om oss? Noa ville nok sikkert at mange skulle bli berga og syntes at det skulle vore lettare å koma inn. Den vesle gluggen skulle vera ei alen ned på den 30 alner høge veggen eller skutesida, og likevel våga han ikkje forandra på noko under heile byggetida og gjorde i eit og alt som Gud hadde sagt. Lukkelege Noa. Midt i sorg og nød, verda sin spott og vondskap, bygde han i tru på Guds faste grunnvoll. Her ser du, det var det som berga slekta og Guds rike for tidene og slektene som kom, så det fekk leva vidare.

Å gjera i alt etter Guds ord kan aldri leggja Guds nåderike øyde på jorda, sjølv om det i våre auger ofte kan sjå slik ut. Vi vil alltid festa oss ved det synlege, difor blei så mange utan frelse og nytt liv.

Det er berre ein ting som kan øydeleggja nåderiket. Det er at menneske set si makt og sin visdom over Guds makt og Guds visdom. Mange seier at det er dei truande som er skuld i at så få blir frelst — og eg lyt vedgå at syndens makt hos meg er stor. Men om Noa står det at han gjorde i eit og alt som Gud sa, likevel var det så få som blei berga. Årsaka var nok då som nå, at dei trudde ikkje Gud, trudde ikkje på hans ord om domen over synda som han sa skulle koma, og difor ville dei ikkje gå inn. Dei trudde ikke «rettferdsforkynnaren» Noa, i dei dagane då berre åtte sjeler blei frelst ved arka som Gud bygde ved Noa.

Dei ville ikkje, sa Jesus i Menneskesonen sine dagar, og som det var i Noas dagar og på Jesu tid, slik er det også i våre dagar. Gud har forkynt mange gonger og på mange måtar gjennom profetane, og i disse siste dagar gjennom Sonen, om domen over synda og den

## Kor mange gonger skal eg tilgi bror min?

(Matt. 18. kap.)

Det var Peter som kom til Jesus med dette spørsmålet: «Kor mange gonger skal eg tilgi bror min når han syndar imot meg? Så mykje som sju gonger?»

Jesus svara: «Ikkje sju gonger, seier eg deg, men sytti gonger sju gonger». Og ein annan stad seier han, at så lenge han kjem og seier at eg har synda imot deg, så lengt skal du tilgi. Og så fortel han læresveinane denne likninga om kongen som ville gjera opp rekneskapen med tenarane sine. Som denne gongen er Gud, den Herre Jesus, og slik vil han at me skal vera og handla mot dei som syndar mot oss.

I dette kap. er det fleire ting Jesus vil ha sagt oss sanningar me treng om å ha klart for oss om me skal nå målet, det evigelivet heime hjå Gud. Det første er *synda*, synda mot Gud og mot kvarandre, og dei fylgjer den fører med seg. For det andre så viser Jesus oss her *veien bort frå synda*, og bort frå synda sine fylgjer. Og for det tredje viser han oss *korleis me skal vera og handla imot dei som syndar imot oss*.

### Synda og dens fylgjer

Når det gjeld synda, så har me vel alle våre bitre erfaringar i det korte eller lengere livet me har leva på jorda, og kan se'a med sangaren: «Når jeg betenker de mange år, som jeg i synden har levet, så finnes så mangt et

---

vantru verda, og om Guds frelse i trua på den krosfeste Jesus Kristus, og domen si tid er like for døra etter dei tegn Jesus har gitt og endå er det sant at dei ville ikkje koma. «Se at du Frelseren finner, himmelens salighet vinner, du som av synden er trett. Å, du som av synden er trett.»

*Odd Dyrøy.*

syndesår dypt i erindringen skrævet. Å, det er tungt, men er dog så, hjertet vil grunne sin dom derpå, å dette trossige vitne». Korleis er det, er såra lækte? eller er det berre grodt ei hard skorpa over, slik at denne verken, dette trassige vitne endå stikk og arbeider der inne?

Me kan undrast over og spørja kvar synda kjem frå, kva som er årsaka til at me menneske syndar mot Gud og kvarandre. Ofte tenker me vel at det er miljøet me har vaks opp i, eller lever i, som er årsaka. Eller det var den vanskelege og fortvila stoda me var komen opp i, som var årsaka til at ma synda. Og det me først pleier gripa til er at dei var andre menneske som var årsaka, i dag som i Edens hage. Hadde ikkje dei vore slik som dei var, sagt eller gjort det dei gjorde, så hadde ikkje me synda, o.s.v. Men som vanleg tenker me feil, og er på villspor, for me høyrer til ei villfarende ætt.

Jesus seier at synda, som gjer oss urein for Gud, kjem innanfrå menneskehjarta (Matt. 15, 18). «Men det som gjeng ut or munnen, kjem frå hjarta, og det gjer menneske ureint. For frå hjarta kjem vonde tankar: manndråp, ekteskapsbrot, lauslivnad, tjuvskap, range vitnemål, gudsspotting.»

Mange tenker at det er når *me gjer synd*, at me blir ein syndar. Den som lyg blir ein lygar, den som stel blir ein tjuv, den som driv hor blir ein horkarl eller ei horkvinna, den som tek liv blir ein mordar o.s.v. Men Bibelen viser at me sidan fallets dag bli: fadde som syndarar, me er det i fylge den naturen me er fødd med, og difor gjer me synd. Altså heilt motsatt av vår menneskelege tankegang. Difor har Gud sett sine lover for å halda syndarane i age, så ikkje synda får utfolda seg fritt, og samfunnet lyt gjera det same. Fekk den menneskelege natur utfolda seg fritt, ville

det bli forferdeleg å leva på jorda. Det ser me tydeleg i vår tid når samfunnet meir og meir sluttar å anvenda og håndheva både Gud sine lover og samfunnet sine lover mot synda, den held på å ta overhand i folkelivet og samfunnet og folket er på veg nedover mot undergangen.

*Synda har sine svære fylgjer.* Det ser me av 1. Moseb. 3. kap. der det er fortalt om når menneske første gong synda mot Gud ved å bryta hans ord. Gud hadde sagt at dei kunne fritt eta av alle trea i hagen, men eit tre skulle dei ikkje eta av, for tok dei av den frukta og åt skulle dei døy. Satan kom i ormens skapnad og freista dei, og det førde til at dei tok av frukta og åt, og fylgjene uteblei ikkje. Den åndelege død fylgte med synda. Kjærleiken til Gud døydde, og eigenkjærleiken og kjærleiken til synda kom i staden. Sameleis gjekk det med trua og tilliten til Gud, og vantru og frykta for Gud kom i staden. Dei kom inn under Guds vreide, blei jaga uat av hagen og bort frå Gud, og Guds forbanning kom over dei og etterkomarane, ja, over heile skapningen: Til kvenna sa Gud: «Stor vil eg gjera di møda, så tadt du er umhender. Med verk og vande skal du føda dine barn, etter mannen din skal du stunda, og han skal ha velde over deg.»

Til mannen sa han: «Fordi du lydde kona di og åt av det treet som eg forbaud deg å eta av, så skal jorda vera forbanna for di skuld. Med møda skal du livnære deg av henne alle dine levedagar. Torn og tistel skal ho bera deg, og du skal eta urtane på marka. Med sveitten i andletet skal du eta ditt brød, til dess du fer i jorda att, for av henne er du teken. For mold er du, og til mold skal du attende.»

Både kvenna og mann lyt alle erfara at forbanninga står ved lag også i dag, endå det truleg er komkring 5000 år sidan fallsets dag. Gjennem den eine synd å ta ei forboden frukt, kom all den synd inn i slekta som du ber i ditt kjøt, møter i heim og samfunn, på sjuke-

hus, på slagmarka, og til slutt døden og den evige fortapinga. Synda har dei same fylgene i dag som då, om ikkje Jesus har fått frelsa deg frå henne.

Synda inne i oss er synd for Gud, han som ser til hjarta. Men når synda får ta våre lemer i bruk, som vår ånd, sinn, tunga og hand og fot, blir det også synd mot andre menneske og blir synd i gjerning. Då aukar skulda både overfor Gud og menneske. Tenk om du skulle sett ut i livet all den synd som finst inne i deg, då hadde du slege ihjel både mor og far, sysken og kameratar. Tenk om du skulle fylgja all den lyst som bur i deg? Me kan vera glad for Guds Ande, ord og lov, og samfunnet sine lover, og alt som held att.

Synda sårar, den skil ikkje berre frå Gud, men også millom menneske. Tenk berre på kor den skil mellom ektefolk, rív sund og spreider heim og foreldre og barn, mellom vene og naboar. Det viser seg ofte når ein arv skal delast, ein gard eller eit hus eller eit lite jordstykke, kva løgn og baktale og falske vitnemål kan få i stand, begjær, lønskrav og levestandard o.s.v.

Synda kan også skilja millom truande brør, og *synd som ikkje blir erkjent* kan skilja mellom eit frelst Guds barn og Jesus, og hindra Gud frå å koma oss til hjelp. Den kjem i vegen når du skal be, lesa eller høyrta Guds ord, eller når du skal samlast med Guds folk, og stå i vegen for di teneste for Gud.

### Vegen ut av synda og synda sine fylgjer

For det første viser Bibelen at synda kan ikkje gløymast, slik me menneske ofte tenkjer når me set ut oppgjerdet i von om at det blir gløymt og oversett. Slik er ikkje Gud. Han overser ikkje og gløymer heller ikkje synda, den lyt ha si straff og oppgjerd. Det vil du sjå om du les i det 16. kap. hjå profeten Jeremiah. Israel synda og fall frå Gud og hans ord, og Jesus og Guds frelse ved han viste dei frå seg og ba om at blodet hans måtte koma

over dei og barna deira og Jeremias profeteerte om dagar som skulle koma då Herren ville gi dei straff for synda, for syndene var ikkje gløymde og vegane deira var ikkje løynde for Herren. Den profetien har me sett gå i oppfylling for våre augo føre og under siste verdenskrigen. Les ordet og hald det saman med Sionismen som fiska og dei tyske jegrane som jaga jødefolket, og millionane som omkom i gasskammera og fekk ein forferdeleg ende. Dei er vitne om at Gud står bak sitt ord, og gløymer ikkje, sjølv om det går lenge (i dette tilfelle to til tre tusen år) før han set det i verk.

Synda kan heller ikkje gjerast god att av oss, overfor Gud. Menneske prøver på det, når småguten blir villig til å gjera både eit og hitt når han har gjort noko galt, og den som har samla urett vinning blir gavmild når samvitet blir vondt o.s.v. Men kva me så gjer så kan det aldri ta bort synda og fylgjene av den.

Bibelen viser her, og elles aile stader, at det finst berre ein einaste veg som fører bort frå synda og det den fører med seg, og det er å få den *tilgitt*. *Forlating for syndene* er det einaste som tek synda bort, og det einaste som frigjer oss frå domen og straffa, og kan oppretta eit godt forhold til Gud att, og mil-lom oss menneske. Det finst ingen annan veg. Den er ydmykande for det stolte menneske, men det er ein god og sikker veg.

*Korleis kan me få syndene tilgitt?* Det forutset to ting. For det første at den du har synda imot vil og kan tilgi. Det er ikkje alltid visst når det gjeld menneske, men når det gjeld Gud er det heilt visst at han vil og kan tilgi synder, og at han har rett til å tilgi syndar på jorda (Rom. 3, 21-31), og at han har eit miskunnsamt og tilgivande hjarta som til-

gir (2. Kor. 5, 14-21). Og Skrifta lærer at når Gud tilgir synd kjem han den aldri meir ihug, den er kasta i havets djup, og den er langt borte frå oss som aust er frå vest, som skodda blir borte for sola blir synda borte ved Guds nåde i Jesu blod.

Men det forutset ein ting til. Det er at du treng om tilgivelse, at du ser og erkjenner i hjarta at du er ein fortapt syndar som står skuldig til døden overfor Gud, elles så har du ingen bruk for forlating og nåde hjå Gud. Det er «sorga etter Guds hug, som verkar omvending til frelse, som ingen angrar». Når du les ibelen vil du sjå at det var berre slike menneske som oppsøkte Jesus og som fekk høyra slike ord: «Gå heim og lev sæl, for syndene dine er tilgitt», «i dag skal du vera med meg til Paradis», «så har og Gud teke bort synden dine.»

Farisearane og dei skriftlærde fekk aldri høyra slike ord, for dei såg ikkje at dei var fortapte syndarar som trong nåde og tilgivelse, dei trudde ikkje på Jesus og at han hadde rett og makt til å tilgi synder på jorda. Fortapte syndarar blir berre den som sluttar å unnskylda synda, sluttar å bortforklara den og å gi den andre og finare namn, sluttar å stå Guds Ande og ord imot, men gir det rett i hjarta og tek det innover deg. Då ser du berre ein einaste open veg, og det er til Jesus som elskar syndaren og har nåde og tilgivelse. Han kom ikkje for å kalla rettferdige, men syndarar til omvending. Han kom for å leita etter dei fortapte for å frelsa dei. Les og sjå på røvaren på krossen, tollaren i templet, syndarinna i Simons hus, og gå du same vegen som dei.